

Skulen min - statusrapport 1. mars 2017

Prosjekttittel: Skulen min Ref: 2016/6935 BJB

Samandrag:

Skulen har spelt ei sentral rolle i lokalsamfunnet, og alle har eit forhold til skulen. Skulen speglar samfunnet, og ved hjelp av arkiv, lokal kunnskap og tradisjonar kan ein spore ein kronologi og ei utvikling.

Prosjektet sitt mål er å samle informasjon som gir eit heilskapleg bilete av skulen si rolle og utvikling over tid, samt å opne dører til digitalisert innhald. Gjennom ein digital skuleportal kan publikum hente ut og samstille informasjon frå databasar.

Første prosjektår gjekk frå juli 2015 til juli 2016. Andre prosjektår starta juli 2016 og varer fram til juli 2017. Etter dette er det eitt prosjektår igjen.

Mål 1: *Samarbeid om gode fellesløyningar for formidling av skulehistorie. Bidragsytarane skal samarbeide med kvarandre og med nasjonale, regionale og lokale aktørar om å kartlegge, produsere, digitalisere og samle informasjon og kjelder innanfor temaet «skule» i opne databasar.*

Status:

I andre prosjektår har vi halde fram arbeidet i pilotkommunen Hyllestad, samtidig som vi har teke kontakt med fleire av kommunane i fylket. Sjå oversikta over aktivitetar og status i kommunane som er lagt ved.

Vi har kome over i ein fase der vi bygger på erfaringar frå Hyllestad for å lage gode ordningar der frivillige i kommunane kan bli meir sjølvgåande. Vi har mellom anna laga eit oppsett som frivillige kan bygge vidare på i lokalhistoriwiki.no. Denne strukturen kjem vi til å ha på plass for alle kommunar før sommaren 2017.

Dette året har vi tilsett prosjektmedarbeidarar på å gå gjennom, rydde i og digitalisere skulearkiv på fylkesarkivet. Dette er ein omfattande jobb som mellom anna går ut på å gå gjennom kvar enkelt protokoll for å få oversikt over kva år, skular og krinsar som er med i kvar bok, samt å skanne skulestyreprotokollar, møtebøker, skulekort etc. Vi har brukt tre månadsverk på prosjektmedarbeidarar gjennom året og kjem til å bruke dei resterande 3 månadsverka på ferievikarar som skal gå inn og gjere mykje det same arbeidet.

Vi ventar på at fylkesarkivet skal få rulla ut ei ny publiseringsløyning for protokollar. Når denne er på plass skal vi jobbe for å få integrert desse arkiva i Arkivportalen og på skulenmin.no.

Mål 2: *Betre tilgang til og formidling av digitaliserte kjelder og materiale. Prosjektet skal knyte saman digitalisert materiale innanfor temaet «skule» og formidle dette til publikum gjennom ein heilskapleg og oversikteleg digital skuleportal.*

Status:

Vi har fått på plass den tekniske løysinga skulenmin.no. Denne er bygd på kartfunksjonane i fylkesatlas.no, og vi er veldig nøgde med måten denne fungerer på. Vi kan sjølve justere kva datakjelder som skal vere synlege og aktiverte, og vi kan sjølve styre kva emneord dei ulike datakjeldene vert filtrert etter.

Vi har jobba mykje med lokalhistoriewiki.no, og bruker denne som eit grunnlag for å samle og sortere informasjonen i prosjektet. Her har vi laga ei landingsside, ein overordna prosjektkategori, eit hierarki, ein felles mal for artiklar på ulike nivå og skjelett-sider i dei fleste kommunane. Ei skjelett-side er ei side der vi har lagt inn ein veldig kort ingress, overskrifter, kategoriar og koordinatar. Her er vi avhengige av at frivillige fyller på med informasjon.

Vi har hatt store utfordringar knytt til hausting av data frå dei ulike kulturdatabasane. Fleire av kjeldene vi hadde som mål å hauste data frå har vist seg å vere problematiske:

- **Digitaltfortalt.no:** Sida vart lagt ned i desember 2015. Dette skulle vere ein av hovudkanalane for skuleminner, forteljingar om skuleveggar og den ikkje-faglege skulehistoria. Vi hadde planar om å bruke lydklipp og bilete. Vi jobbar framleis med å finne ein måte å få erstatta digitaltfortalt.no. Vi har førebels erstatta denne kanalen med lokalhistoriewiki.no, og vi ser på om soundcloud.com kan brukast til å formidle intervju og munnlege forteljingar.
- **Digitaltmuseum.no:** Det er spennande skulerelatert stoff i musea sine samlingar, men mykje av dette er ikkje kartfesta. Før dei rulla ut ny versjon av digitaltmuseum.no hadde vi endeleg fått brukarkartfestingsfunksjonen på sida til å fungere, slik at vi kunne kartfeste dei relevante samlingselementa. Men i den nye versjonen har digitalt museum fjerna denne funksjonen.
- **Kulturminnesøk.no:** Denne sida har også kome i ny versjon, og i samband med dette sender ikkje lenger Riksantikvaren brukargenerert data til Norvegiana. Dei har heller ikkje fått på plass funksjonar relatert til uttrekk og samanstilling basert på både strukturerte kategoriar/emne/fylke/kommunar frå Askeladden og på meir «frie» emneord/metadata-tagging.
- **Fylkesarkivet si fotosamling og kulturhistorisk leksikon:** Fylkesarkivet sine databasar er under oppgradering, og har heller ikkje ein aktiv datastrøm til Norvegiana for tida. Dette skal vere på plass om ikkje lenge.
- **Arkivportalen.no:** Data frå Arkivportalen vert ikkje lenger sendt til Norvegiana. Det er eit eige API for Arkivportalen, men dette støttar ikkje søk basert på geometri. Det er mogeleg å registrere arkiv med koordinatar i Asta, men denne informasjonen vert ikkje eksportert til publikumsløysinga, Arkivportalen.

Vi har deaktivert alle datakjeldene utanom lokalhistoriewiki.no, digitaltfortalt.no og digitaltmuseum.no på skulenmin.no. I tillegg til desse har vi nyleg fått lagt inn ei ny

datakjelde, nemleg Flickr. Ein av grunnane til det er at vi brukar Instagram aktivt i prosjektet, og vi brukar no Flickr for å samle bilete frå Instagram i eit eige album.

Vi jobbar vidare med den tekniske utviklinga, og håper å få på plass fleire datakjelder fram mot sommaren 2018.

Samarbeid

Vi har hatt fleire møte og kurs rundt om i kommunane så langt i andre prosjektår, og fleire er under planlegging. Sjå vedlegg for ei komplett oversikt over samarbeid i kommunane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vorte til Høgskulen på Vestlandet, og vi jobbar vidare for at studentar skal få kjennskap til prosjektet. Vi har mellom anna presentert prosjektet for bachelorstudentar i historie.

Vi har presentert skuleprosjektet for Hordaland fylkeskommune og fylkesarkiv i Bergen. Dei er interesserte i å kopiere modellen vår, og vi kjem til å fortsette dette samarbeidet. Hordaland fylkeskommune har mellom anna delteke på kurs i lokalhistoriewiki.no i Hyllestad.

Vi har også presentert prosjektet for IKA Møre og Romsdal. Vi skal ha eit nytt møte med fleire aktørar frå Møre og Romsdal i april, og satsar på å snakke meir om eit eventuelt skuleprosjekt i nabofylket.

Vi samarbeider også mellom anna med IKA Møre og Romsdal og fylkesarkivet i Oppland om å finne ei løysing som kan erstatte digitaltfortalt.no.

Huset i Bygda representerer eigarar av lokale kulturbygg, og mange av desse er gamle skulehus. Vi har vore med på to av deira regionale samlingar for informere om prosjektet.

Grunna tids- og ressursmangel hjå Statens vegvesen har vi ikkje kome vidare med samarbeidet i postvegkommunane.

Vegen vidare

I andre prosjektår har vi arbeidd med å lage kursopplegg med hovudvekt på lokalhistoriewiki.no, kartfesting, samt opphavsrett og lisensar. Vi har delteke på informasjonsmøte og vi har halde kurs i fleire kommunar.

Vi har arbeidd vidare med å bygge innhald i portalen, først og fremst i lokalhistoriewiki.no og med tilrettelegging av arkivmateriale. Vi arbeider også med å legge til rette for at andre kan bidra med innhald.

Vi er i gong med å lage ei brosjyre og kjem til å gå ut med offentleggjing av portalen skulenmin.no når vi har fått på plass eit rammeverk for alle kommunane. Dette håper vi å ha på plass før sommaren. I samband med dette vil vi promotere portalen og prosjektet mot aktuelle brukargrupper.

Vi arbeider vidare med å forsøke å få på plass fleire datakjelder.

Vi har prosjektmedarbeidar frå fylkesarkivet ut mai månad, og vi skal ha to ferievikarar inne i til saman 5 månader i sommar.

Neste og siste prosjektår skal vi halde fram med mykje av det vi har starta på i år:

- Halde fram med å bygge innhald og legge til rette for at andre kan bidra med innhald
- Delta på informasjonsmøte
- Halde kurs og opplæring for frivillige og andre samarbeidspartnarar
- Sortere og ordne skulearkiv
- Digitalisere og gjere tilgjengeleg skulekjelder
- Samarbeide med andre aktørar for å styrke og ekspandere prosjektet
- Jobbe med marknadsføring av portalen mot aktuelle brukargrupper.

Økonomi

Delar av midlane for andre prosjektår skal brukast fram mot sommaren 2017, som skissert i søknaden. Vi kjem ikkje til å løyve midlar. Sjå redigert budsjett for 2016/2017 og førebels budsjett for 2017/2018.

Budsjett andre og tredje prosjektår:

	Søknadsbudsjett år 2 (2016/2017)	Revidert budsjett år 2 (2016/2017)	Søknadsbudsjett år 3 (2017/2018)
Inntekter:			
Riksarkivet	500 000	425 000	500 000
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	124 000	124 000	124 000
Kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune	310 000	310 000	310 000
Statens Vegvesen	50 000	50 000	50 000
Sum inntekter	984 000	909 000	984 000
Utgifter:			
Teknisk utvikling	120 000	105 000	50 000
Prosjektleiing og prosjektarbeid	794 000	734 000	794 000
Reiser, møter og kurs	50 000	50 000	60 000
Utstyr og hjelpemiddel	10 000	10 000	30 000
Diverse	10 000	10 000	50 000
Sum utgifter	984 000	909 000	984 000